

# Nyheitsbrev - september

*“Der det er utslipp er det også muligheter”  
Einar Håndlykken*

Blada gulna på trea og det er full aktivitet på gong for Klimapartnere nettverket i Hordaland. I det følgande kjem ei kort oppdatering for samarbeidet.



**Klimapartnere Hordaland har som visjon å skape ein grønare region. Vår felles mål er systematisk reduksjon av klimagassutslepp og å stimulere til grønn samfunns-og næringsutvikling.**



**Klimaregnskap** I møteserien om klimaregnskap har ein til saman avholdt 4 kunnskapmøter om temaet og denne serien er no slutført. Medlemsverksemdene rapporterer fortløpande inn eige tallgrunnlag for eit samla klimaregnskap for 2013, med frist 1.oktober. Innrapporteringa foregår online. Det vil også utformast eit tilhøyrande kunnskapsnotat. Både kunnskapsnotat og samla klimaregnskap vil være hovedtema for planlagt toppleiersamling i slutten av november.



**Møteserie om innkjøp** Torsdag 2.oktober byrjar nettverket på ein ny møteserie, denne gong om innkjøp. Før jul er det planlagt inn 2 møter om dette, det fyrste møtet vil være ein introduksjon. Vi vil i størst mogleg grad strebe etter å involvere innkjøpsseksjonane direkte, slik at desse kan være med i diskusjonen og problemstillingane frå start. Vi tek alltid imot innspel om de ønsker å bidra i kunnskapsseriar eller etterlyser informasjon vi bør dekke.



**Ukas klimapartner** Kvar veke vil det presenteres ei partnerverksemd på regionanane si felles nettside. Dette er ei godt høve for dei ulike partnerane å fortelje om kvifor ein er med i nettverket og kva tiltak og utvikling som vert sett i gong relatert til klima. Ta kontakt for presentasjon og sjå meir på <http://www.klimapartnere.no/>



**Beste praksis** Klimapartnere Hordaland har som formål å bli sterke på grønn forretningsutvikling. Ein nøkkel for å nå dette vil være å dele eksempel på beste praksis. Dette kan være produkt, tjenester, samarbeid eller smarte løysningar for utsleppsreduksjon. Ta kontakt om de har eksempel de vil dele som kan ha nytte for andre. I løpet av mars 2015 skal det haldast eit arrangement der desse eksempla vil kunne presenteras for eit breidare publikum.



**Mobilitetspakke** Prosjektleder har saman med fleire andre mobilitetsaktørar i regionen byrja skisse ut ein mobilitetspakke som den enkelte verksemd kan tinga. Konseptet vil prøvast ut før jul. Vi er freistar å identifisere ei verksemd som kunne tenke seg å teste konseptet fyrst.



**Partnermøter** Prosjektleder er stadig vekk ute hos partnerane for dialog. Dette har til no vore alt frå enkel kunnskapsoverføring av informasjon ein har gått glipp av, til workshoppar for miljøstyring og strategiske diskusjonar for veien vidare. Ta gjerne kontakt om ein ønsker eit møte.



**Hospitering** Prosjektleder hospiterer gjerne på oppmodning ute hos partnerverksemdene og jobbar derifra. Prosjektleder vil då være lettare tilgjengelig for spørsmål og kunne følge opp kvar verksemd betre.



**Nasjonal utrulling** I september blei det halde både felles styringsgruppe møte for Agder og Hordaland og presentasjon av Klimapartnere konseptet for interesserte regionar under Arendalskonferansen. Vi blei der enige om å jobbe tett saman om eventuelle framstøt om nasjonal utrulling av konseptet. Klimapartnere konseptet er blitt godkjent av og vart også presentert som eit Clinton Global Initiative under konferansen i forrige veke i New York.

Ta gjerne kontakt, vi er alltid åpne for innspel!

**Helene Frimannslund**  
Prosjektleder, Klimapartnere Hordaland  
Norsk Klimastiftelse

Mob: + 47 99 08 77 00  
E-post: [hfrimann@klimastiftelsen.no](mailto:hfrimann@klimastiftelsen.no)